



Jan M Myklebust m/flere
Burkhovdane 16
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1635 - 14/3844

Saksbehandlar:
Rune Kilen
Rune.Kilen@lindas.kommune.no

Dato:
28.02.2014

Burkhovdane 12-16, svar på søknad om opprusting av gangveg

Vi visar til Dykkar brev av 19. november 2013.

Gangstien som går mellom Burkhovdane delveg og Litlevika ligg på areal som er matrikulert på Lindås tomteselskap og er regulert til friområde/turveg. Stien er altså ikkje på førehand vedteken opparbeidd som gangveg og har heller ikkje føresetnader for slik opparbeiding. Dette grunna terrengtilhøve og nærleik til private byggverk.

Lindås kommune har ansvar for den kjørbare vegstubben som går inn til nr 12, 14 og 16. I fylgje reguleringsplanen sluttar kommunen sitt ansvar midt på avkjørselen til nr. 14 (sjå vedlagte kopi reguleringskart).

Kummen for overvatn som det vert vist til ligger ikkje på det kommunale arealet. Ut i frå våre arkiv blei kummen levert av kommunen, men vart satt ned av naboar eller velforeining i samband med etablering av gangstien. Vi har i alle høve stor forståing av Dykkar problem med overvatn, og vi vil strekkje oss langt i å få bukt med problema.

Vi har vore på synfaring og har eit forslag om at kommunen bidrar med å få lagt ein ny overvasssleidning frå kum og til fritt utløp i stigrøft/bakken mot vest. Vatnet vil så renne i sidegrøft ned langs stien, slik at vatnet kjem inn i eksisterande kum nede ved Litlevika.

Om dette skal bli ein realitet er kommunen avhengig av eit samarbeid med bebuarane/naboane eller velforeininga både når det gjeld etablering og drift. Vi ber difor om de tek kontakt med Vegavdelinga for vidare prosess. Vi ber om at dette brevet vert kopiert og levert til dei aktuelle i saka.

Med helsing

Arne Eikefet
einingsleiar

Rune Kilen
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Kopi til:
Arne Eikefet

Mottakarar:

Jan M Myklebust m/flere

Burkhovdane 16 5914

ISDALSTØ